

Årsmelding 2018

Medlemmer: Eli-Johanne Rønnekleiv, Ove Magnus Årvik, Aina Brandal, Fredrik Borgund, Randi Hoddevik, Leif Jonny Prestvik, Annbjørg Hoddevik, Laila Strømsøy, Magne Reksnes.

Varamedlemmer: Norunn Stave, Mette Drage, Alf Sjøstad, Reidun Tvinnereim.

Utvalsmedlemmer:

Fellesrådet: Ove Magnus Årvik, Leif Jonny Prestvik

Vara: Randi Hoddevik og Fredrik Borgund

Gudstenesteutval: Aina Brandal, Randi Hoddevik og Laila Strømsøy

Trusopplæringsuval: Leif Jonny Prestvik

Musikkut.: Ove Magnus Årvik

Seljumannamesse: Ikkje vald medlem.

Revisorar: Palma Hamnøy og Tove Bjørlykke

Stadt 2020, fellesnemnd: Leif Johnny Prestvik

Soknerådet har hatt 7 møter og handsama 43 saker.

Av kyrkjelege handlingar tek vi med at det har vore 19 gudstenester. Det har vore 13 gravferder og det vart døypt 6 barn. Av desse var 4 døypte på Dragseidet. Talet på konfirmantar var 8. Viser elles til Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2018.

Olssok-gudstenesta, der tidlegare sokneprest i Selje, Mecky Wohlenberg deltok, var særers vellukka. 2.påskedags-gudstenesta med tilhøyrande måltid var også eit høgdepunkt.

Vi har vi arbeidd vidare med saka om meir lys på kyrkjegarden. Vi er enno ikkje i mål, men lysa på portstolpane er komne opp og vi har avtale om graving av kabel til dei andre lysa. Dette vil bli gjort i løpet av våren viss alt går etter planen. Vi takkar for offergåve og sponsor-tilskot til dette arbeidet. Vi har omsider fått montert prosjektorar og lerret i kyrkja og håpar at dette vil lette arbeidet for med tilrettelegging av gudstenestene og ulike arrangement.

Vidare har vi fått mange godord for dugnadsinnsatsen vi gjorde å rigge lyd ved Seljumannamessa. Dette vart nokre strevsame timar for dei som var med. Frustrasjonen var undervegs ganske stor hos fleire av oss, for det vart litt meir arbeid enn vi hadde vore førespegla. Planlegginga frå Seljumannamesse-komitèen når det gjaldt lyd var under ein kvar kritikk, trass i at Leikanger sokneråd i god tid gav melding om kva vi meinte burde finnast av utstyr og mannskap. Dette innsåg ikkje komitèen før i tolvte time. Med dronningbesøk og med andre prominensar til stades, var det litt for mange lause trådar i planlegginga. At alt gjekk bra, men grensa for at det ikkje vart god lyd, var farleg nær. Vi ser med spenning fram mot neste arrangement.

I samband med TV-aksjonen og innsamlinga til "Kirkens Bymisjon" arrangerte vi kyrjekonsert med godt besøk og ein pen sum pengar til aksjonen. I haust hadde vi misjonskveld på bedehuset med besøk av Torill Lange som orienterte og hadde bilete frå barneheimen i Bangkok som vi støttar. Totalt har vi støtta dette arbeidet med ca 7.500 dette året. Så kjem offergåvene til NMS i tillegg. Som vanleg arrangerte vi julekonsert. Det var eit stort publikum og vi fekk svært gode tilbakemeldingar på kvalitet og stemning. Nyttårskonserten var dette året i Selje. Vi vil prøve å alternere mellom Leikanger og Selje kyrkje når det gjeld nyttårskonsertane. Hovudarkitekt bak begge desse konsertane er Jon Inge Sigerland. Han gjer ein fantastisk jobb både med dette og med musikken i kyrkja gjennom heile året.

Kyrkja har fått nytt sikringsskap. Dette har stått på vent for utskifting i mange år, og no er det endeleg gjort. Det har vorte både sikrare, meir oversiktleg og enklare å betjene.

Takk til Eli-Johanne for godt samarbeid i soknerådet. Takk også til dei trufaste og dyktige medarbeidarane Nanda Maack, Helge Borgund, Eline Sandnes og Per Røyset.

Stadlandet 12.03.2019

Magne Reksnes

Sekr.

Fredrik Borgund

leiar